

## Referat frå HYBRID Hardanger Ungdomsting 2. juni 2021

# Framtida til ungdom i Hardanger og Voss


Digitalt møte mellom lokale ungdomsråds samlingar i Kvam, Ulvik, Voss, Eidfjord, Ullensvang.



Møteleiar: Sander Eide Aase, leiar av Hardanger og Voss ungdomsråd.

## Videohelsing frå statsminister Erna Solberg

Ho seier at Hardanger og Voss ungdomsråd (HU) har sett eit viktig tema på dagsorden.



## Ordførar i Kvam herad og og rådsordførar i Hardanger Torgeir Næss

Han seier 2 ting må oppfyllast for å nå ambisjonane for ungdom i Hardanger

Punkt 1: Me må gjera Hardanger og Voss attraktive og visa kva moglegheiter som er her. Då kan folk koma tilbake.

Viktige forutsetningar for valg av kvar unge buset seg er :

- ★ variert og spennande tilbud
- ★ flott natur, men også sentrum og bebyggelse.
- ★ gode offentlege tenester
- ★ opne, inkluderande og frie samfunn - alle likeverdige samfunn
- ★ godt lokalmiljø

Ungdommen si eiga stemme er viktig.

Rådsordføraren utfrodra kvar og ein **på kva kan du gjera?**


Men seier også at han er imponert av HU si interesse, og at det arbeidet dei gjer er både stort og imponerende.

**Punkt 2** \_\_\_\_\_ Korleis få ungdom tilbake? ME MÅ HALDA KONTAKTEN MED DEI Kommunen og næringsliv må jobba systematisk.

Me må kartlegga med formål å få unge til å flytta heim att:

- ❖ oversikt på kva dei utdannar seg til?
- ❖ system for å halda kontakten med ungdom når dei bur her
- ❖ næringane/ regionen/ bygdene må visa fram moglegheitene som er her, og sei kva dei treng.
- ❖ arbeidslivet må vera på offensiven og tilby hospitering, ta inn lærlingar og delta i trainee program.

**SLIKE TILTAK VIL GJERA BANDA TJUKKARE MELLOM HEIMSTADEN OG UNGE INNBYGGARAR**



Regjeringa signaliserer at ungdom må ut i arbeidspraksis og arbeidsliv, og vil leggja endå meir tilrette for det. Det er veldig gode signal!

Heimakontor gjev nye moglegheiter til distrikta etter korona. Dette kan kommunane og næringslivet leggja til rette for.

Rådsordføraren er OPTIMISITSK for framtida og at de ungdomar kan oppfylle dykkar eigne visjonar.

**Distriktenes ungdomspanel** v/ Hans-Christian Knudsen, Ungdommens distriktspanel  
Distriktenes ungdomspanel har gitt 10 råd til Norge. Kort oppsummert så handlar det om at også bygda må ha tilgang på : JOBB - RELASJONAR - TRYGGLEIK.  
Møteplassar er viktig, og bygda må skapa møteplassar også for ungdom.  
[Her kan du lesa dei 10 råd](#)

**Ullensvang Handel** v/ Inge Lægreid

Kva tilbud kan me gi til born og unge? Og kva har me. Me arbeider for å skapa trivsel for alle i eit levande og inkluderande lokalsamfunn og sentrum.

## Frå politikks hjørne:

- Trivsel er viktigast, må ha lyst å bu der i framtida. Korleis oppnå det?
- Jobbtilbud er viktig, jobbar ein har lyst på.
- Og så må det vera mulig å få seg ein plass å bu, ein kjekk plass å bu.
- Det er mangel på møteplassar for ungdom, ungdom må ha tilbud.
- Det bør også vera fritids- og kulturtilbud for alle aldrar, også ungdom.
- Veggen må verta betre om ein skal bu her i framtida, og kollektivtilbod, særleg på kveldane ville gjera ungdom mobile.
- Det er særst viktig at ein har samhld i og mellom bygdene, at ein ser og heiar på kvarandre.
- Ein må vera glad i heimstaden og sjå mogleheitene for framtida, for å villa bu der.
- Lokale sommarjobbar for ungdomskuleelevar og studentar som kjem heim om sommaren. Det å kunne hospitera på ein arbeidsplass hadde vore spennande, og lokale lærlingejobbar er nødvendig.
- Kva om bedriftene og kommunane besøkte skulane, også ungdomskulane, for å informera og gje kunnskap om ulike yrker det er behov for i Hardanger og Voss.
- Viktig at vgs får halda på dei ulike linjene lokalt, for at ungdom skal kunne bli verande, og at bedrifter gjev ungdom arbeidserfaring.



## Hardanger Bestikk - gründer i Hardanger

v/Rune Leikvoll og Frida Leikvoll  
For å etablere seg i utkanten er tilgjengelege tomter og godt samarbeid med kommunen viktig.

Skal me få tilbake ungdom, må me også kunna tilby ein sikker og framkomeleg veg. For å trekkja til seg god arbeidskraft er det ein fordel å vera på bygda i gode lokalmiljø, det må me ta vare. For å trivast utenom jobben, er aktivitetar og tilbud sjølvstøtt viktig.

Når ein er komen så langt er det ein stor fordel i små lokalmiljø, ein får stabile og loyale medarbeidarar, som ein lever saman med, nesten som "ein stor familie".

Frida Leikvoll er 3dje generasjon Hardanger Bestikk skal ta bedrifta vidare.

Produksjonen er flytta til utlandet, og salg og utvikling vert endå viktigare i framtida. Desse arbeidsoppgåvene kan ein kan løysa frå kor som helst. For å flytta heim igjen er det nødvendig at bygda er levande med gode offentlege tenester som gjer livet på bygda attraktivt.

## SPM & SVAR:

Tips til oss unge som vil vera gründer lokalt?

Erfaringar -gode/dårlege ?

1. Du må vera klar for veldig lange dagar og masse jobbing

2. Ha stor tru på produktet ditt sjølv
3. Du må ha kvalitet på produktet ditt
4. Ha lidenskap for det de ønskjer å skapa

Har du dette - då er Hardanger ein veldig god plass å vera gründer i. Fordelen med utkant er at du får nærare relasjon til dei rundt deg, i byen er du ein av mange.

Nye moglegheiter med heimekontor. Har det påverka dykk? JA, folk har jobba der dei bur, og at det har vist at alle kan flytta heim, og jobba derifrå.

### Næringsshagen i Hardanger v/Sigmund Veriede

Ein gründer veit ofte alt om produktet sitt, men har litt for lite fokus på kunden.

Kven skal du selga til? Lokalt/internasjonalt; menn/kvinner, barn/vaksne - alt dette definerar kolleis du strukturerar markedsføring.

Cash is king - du treng pengar, for det tek tid før du tenar pengar.

Du treng eit team rundt deg- Kven er teamet ditt? - du må vite kven som er hjelparane dine, og skilje mellom vener og konkurrentar

### SPM&SVAR

Har du tips til unge som vil starta sitt eige?


Vanskeleg med generelle råd. Men ikkje bli gründer ute at du må.

Må du, så må du bygge alliansar. Du treng støtte og vener, og meir pengar enn du trur.

### Aktivitetspark på Ystanes v/Stian Ekornrød

Han lagar eit tilbod som rettar seg mot alle born og unge, og har høg inkluderingsfaktor.

Det er mange som ikkje har noko å gå til, det gjer dei noko med.



### Næringsshagen i Ullensvang v/Sara Tokheim:

Sjå moglegheitene! Gjer noko med det!

Det er eit hav av moglegheiter i f. eks reiseliv, f.eks turisme, industri og kultur.

Men me har mangel på utdanning og desentralisert utdanning. Me må få meir utdanning til Hardanger.

## Læringshuset v/ Ottar Randa

Eit slikt tilbod gjer det lettare og kjekkare å ta lærlingeplass i Kvam. Her får dei både ein flott og trygg stad å bu, men også eit miljø.

## Frå politiks hjørne

Små samfunn gjer at folk kan vera isolert. små samfunn er også på godt og vondt. Mange moglegheiter, må berre få finna dei.

Høgskuleutdanning hadde absolutt gjort Hardanger meir attraktivt

Her er mange gode fritidstilbud

Her er eit variert næringsliv

Her er samhold mellom generasjoner

Her er stor dugnadsånden

Her er god tilgang på lære plassar

Kven som vert tilsett i nye stillingar har stor betydning.



## Oppsummert:

trivsel

god og høvande bustad

samferdsel

samhald

sommarjobbar og moglegheit for hospitering i bedrifter

attraktive stader

synleg gjera muligheten - kva yrke/utdanning kan ein få jobb i/med i Hardanger.

systematisk arbeid med kartlegging

visa kva yrke regionen treng me

møteplassar også for ungdom

lære plassar